

# Norge pådrivar for å fjerne subsidiar

Liv Signe Navarsete (Sp) er bekymra for norske landbrukssubsidiar i WTO, og stilte spørsmål til utanriksminister Søreide om kva regjeringa har gjort. Søreide svarte at Norge er blant pådrivarane for å forby ulike former for fiskerisubsidiar.

## WTO

Tekst: Linda Sunde

**M**inistertøtet i WTO nærmar seg, og Liv Signe Navarsete (Sp) har sendt skriftleg spørsmål til utanriksminister Ine Marie Eriksen Søreide for å få vite kva regjeringa gjer for å sikre norske landbruksinteresser.

Sjølv om forventningane til ministerkonferansen er forsiktige, kan møtet få ein del å seie for norsk landbrukspolitikk, skriv Navarsete.

– Fleire land ønskjer å redusere såkalla handelsforstyrrende støtte til landbruket, og per no er det lagt fram to framlegg til avtalar som forpliktar WTO-landa til å kutte i bruken av landbrukssubsidiar. Begge framlegga råkar Norge hardt, skriv Navarsete.

Ho viser til ein artikkel i Bondebladet 21. september, der dagleg leder i Agri Analyse, Christian Anton Smedshaug, gav råd om at Norge no må sikre norske interesser gjennom å lage eit eige framlegg. Han sa det er avgjerande viktig å raskt kartlegge kva for land som er på norsk side.

– Kva strategiar har regjeringa for å fremje norske interesser i WTO-forhandlingane, og kva har regjeringa gjort fram til no, spør Navarsete utanriksministeren.

I svaret frå Eriksen Søreide er det likevel fisken som blir nemnt først.

– Det er ikkje venta store framsteg i Buenos Aires. Norge er blant pådrivarane for eit resultat på fiskerisubsidiar for å hjelpe til å oppfylle berekraftsmål 14.6 om å forby subsidiar som medverkar til overkapasitet og overfiske, og eliminere subsidiar til ulovleg, urapportert og uregulert (UUU) fiske innan 2020. Fram mot Buenos Aires forhandlar medlemslanda særleg om å eliminere subsidiar til UUU-fiske, skriv ministeren.

Ho skriv også ei setning om jordbruket, men den er mindre presis.

– Det synest lite truleg at ein vil oppnå resultat om kutt i jordbrukssubsidiar i Buenos Aires, men regjeringa tar aktiv del i forhandlingane med høg aktsemd, inkludert saman med andre likesinna medlemmer, for å fremje norske interesser, skriv Eriksen Søreide.

Utanriksministeren kallar trygging og styrking av WTO Norge si primære handelspolitiske interesse.

– I førebuingane til ministerkonferansen i Buenos Aires arbeider Norge derfor aktivt for å medverke til eit samlande og konstruktivt resultat som peikar framover og tar vare på WTO si rolle som det sentrale handelspolitiske forhandlingsforumet, skriv Ine Marie Eriksen Søreide. ■

## Statskog reduserer hogsten

Statskog er Norges største skogeier og eier drøyt fire millioner dekar produktiv skog. Men over halvparten av statsforetakets skog står urørt fordi 20 prosent av skogen er vernet eller vurderes for vern, mens ytterligere 10 prosent vernes av Statskogs miljøhensyn.

I tillegg står nærmere 25 prosent av skogen urørt fordi det ikke er økonomisk bærekraftig å drive hogst, melder NTB.

Statskog avvirket i 2016 omtrent 315 000 kubikkmeter, mens planen for 2018 er å avvirke 290 000 kubikkmeter. Reduksjonen i tømmerhogst tilsvarer 650 tømmerbiler.

## Snur om enerom til sesongarbeidere

I sommer gjennomførte Arbeidstilsynet i Sogn og Fjordane tilsyn med rundt 40 bærprodusenter. Flere av disse fikk krav om å tilby enerom til sesongarbeiderne.

Nå har Arbeidstilsynet snudd, etter at de har vært i dialog med bransjen. Tilsynet skriver at bærprodusenter fortsatt kan innkvartere sesongarbeiderne på firemannsrom.

– Vi har lyttet til bransjen og ønsker å finne en løsning som både bransjen kan leve med, og som samtidig sikrer at sesongarbeiderne har gode boforhold, sier regiondirektør Borghild Lekve i Arbeidstilsynet i en pressemelding.

NY FORSIKRINGSPARTNER GIR DEG SOM BONDELAGSMEDLEM ENDA BEDRE PRISER OG VILKÅR

# Norges tøffeste yrke!

Vi kjenner deg som er bonde, og vet bedre enn noen annen at du har Norges tøffeste yrke. Derfor er det trygt og godt å vite at vi nå kan tilby markedets beste kollektive personforsikringer – som trygger både deg og din familie.

[bondelagsforsikring.no](http://bondelagsforsikring.no)

Norges Bondelag og Landbruksforsikring AS har inngått en samarbeidsavtale og etablert Bondelagets Personforsikringskontor. Dette sikrer Bondelagets medlemmer enda bedre forsikringsavtaler og personlig rådgiving.

 22 05 46 00

NORGES BONDELAG



Landbruksforsikring